



Stranda Båtforening
Arne Hosøy
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7104 - 15/2806

Saksbehandlar:
Lars Kristian Elnes
lars.kristian.elnes@lindas.kommune.no

Dato:
06.02.2015

Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 11/135 Hølleland - Hosøy - Småbåthavn langs Hosøyvegen

Mangelfull dispensasjonssøknad – Etablering av småbåthamn – gnr. 11 bnr. 135

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.10.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. plan- og bygningsloven § 19-1. Innsendt dokumentasjon for nabovarsling er ikkje tilstrekkeleg. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Kvittering for nabovarsel med opplysningar gitt i nabovarsel

Nabovarslingsblankettar finn du på:

<http://dibk.no/no/BYGGEREGLER/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>. Ta kontakt med vår geodataavdeling via postmottaket og be om naboliste.

Søknaden om dispensasjon for etablering av småbåthamn er uklår i forhold til om plasseringa er i samsvar med føremål i plankart. Vidare synes søknaden også å omfatte etablering av gangveg, parkeringsplassar, og av- og påstigingsområde. Vi ber derfor om at søknaden blir supplert med:

- Nærmare presisering av kva føresegner i arealplan og føremål i plankart det vert søkt dispensasjon frå
- Situasjonsskart med plassering av småbåthamn, gangveg, parkering og av- og påstigingsområde

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.03.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Lars Kristian Elnes
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.